



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato  
02.05.2016  
Dykkar dato  
11.11.2015

Vår referanse  
2015/14296 721.12  
Dykkar referanse  
2015008319 LEY

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Påminning

Fylkesmannen viser til vårt brev dagsett 27. november 2015, der vi bad Meland kommune gjere greie for saksbehandlingstida for søknader om omsorgsløn. Vidare viser vi til påminninga i vårt brev dagsett 23. desember 2015. Vi bad om svar innan utgangen av april 2016, sjå vedlagde kopiar av dei to breva.

Vi kan ikkje sjå å ha mottatt svar, og vil difor minne om at Meland kommune skulle gje tilbakemelding til Fylkesmannen. Vidare viser vi om Fylkesmannens tilsynsoppdrag etter helse- og omsorgstenestelova paragraf 12-3.

Meland kommune har rapportert til Statistisk sentralbyrå gjennom Kostra at kommunen hadde ni pleietrengande med pårørande som mottok omsorgsløn per 31.12.2015. Dette er like mange som det kommunen rapporterte om året før. Vi legg etter dette til grunn at talet søknader om omsorgsløn skal vere handterleg for kommunen.

Fylkesmannen ber med dette om at Meland kommune informerer oss om saksbehandlingstid og stoda elles når det gjeld behandling av søknader om omsorgsløn etter helse- og omsorgstenestelova paragraf 3-6. Vi ber om at svaret vert merka med vårt saksnummer 2015/14296.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen  
seksjonsleiar

Tor G. Turøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.*

2 vedlegg (som begge er unntatt offentleg innsyn)